

Sak	<b>Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering</b>
Dato utsendt på høyring	21.11.16
Høyringsfrist	9.12.16
Send høyringsinnspel til	<a href="mailto:post@hib.no">post@hib.no</a> ; <a href="mailto:postmottak@hsh.no">postmottak@hsh.no</a> ; <a href="mailto:post@hisf.no">post@hisf.no</a>
Bakgrunn for saka	<p>Avgjerd om leiing og fagleg organisering er sentralt i forminga av HVL. Delprosjektgruppa fekk i mandat å legge fram forslag til organisering av den faglege verksemda på nivå 1 og 2, samt prinsipp for nivå 3. Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og alternative løysingar. I vedlagte høyringsbrev framgår dei sentrale spørsmåla, og dei er også løfta fram som eigne punkt i dette skjemaet.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).</p>
Me ønskjer spesielt innspel på (frå rapporten):	
<b>Kap 2</b>	<p>Er premissane og inngangen tydeleg og meiningsfull?  <b>I EFR støttar ein i all hovudsak profesjonsprinsippet. Sterke forskingsbaserte profesjonsutdanningar på BA-nivå og elles sterke forskingsbaserte utdanningar på alle tre nivåa er viktig for å lukkast som høgskule og med tid, som eit profesjonsuniversitet.</b></p>
<b>Kap 3</b>	<p>Er modelltypene - profesjon vs. kunnskapsområde - tilstrekkeleg forklarte? Profesjon vs. kunnskapsområde på nivå 2 – kva modell vil vere best for at HVL skal nå sine mål?  Skal HVL ha meir enn 3 fakultet?  Bør fakulteta ha omtrent same storleik?  Er forslaga til namn på fakulteta dekkjande, har de alternative namn?  Er disiplinfga si rolle i HVL ivareteke med 3 fakultet?  <b>Disiplinfga har ein eigenverdi i seg sjølv. Dei kan også ha ein verdi inn i profesjonsutdanningane og må slik sett bli ivaretatt i HVL. Eksempel i helsefagutdanningar kan vere fag som statistikk, vitskapshistorie- og teori og pedagogikk og organisasjonsfag. Det er viktig å ivareta nivå på også denne type kunnskap inn i profesjonsfaga og vi meina at disiplinfga kan knytast sterkare til profesjonsfaga i EFR.</b></p> <p><b>EFR støttar forslag om Profesjonsmodell alt A med tre fakultet. Disiplinfga vert da lagt til eit eller fleire fakultet. Vi ønskjer at namnet på Fakultet for helse og velferdsfag skal heite <b>Fakultet for helse-</b>,</b></p>

	<p><b>sosialfag og velferd.</b> Det meina vi vil inkludere fleire miljø og også frå samfunnsfaglige disiplinar.</p> <p>Profesjonsmodellen bryt ikkje med slik AHS/EFR er organisert i dag. Det er heller ikkje eit ønskje. Vi ønskjer å tre tydeleg fram som (sterke) profesjonar og med profesjonsutøvarar som har endringskompetanse og ser nye moglegheiter i HVL og i samspel med samfunnet.</p> <p>Slik vi i EFR vurderer det er det ikkje eit absolutt krav at storleiken på fakulteta vert like. Det er etter vårt syn viktigare å ta faglege omsyn i oppgangen mellom dei ulike fakulteta.</p> <p>Det kan synast at modellane på side 17 – 18 er noko uklare. Samsvarar tekst og innhald i modell? Vi reagerer på at sjukepleie vert særskilt nemnd i fig 3, side 18.</p>
<p><b>Kap 4</b></p>	<p>Er prinsippa for nivå 3 dekkjande for å realisere fusjonsambisjonen? Er prinsippa for smale eller for vide?</p> <p>Vår kommentar til prinsippa for nivå 3 (s. 27-28);</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Einingar på nivå 3 kan ha som utgangspunkt at dei skal vere campusovergripande, men her må faglege skiljelinjer bety meir enn geografi. I EFR har vi 3 profesjonsutdanningar på bachelornivå som har ei regionsrolle. Desse profesjonsutdanningane må òg tydeliggjerast når einingar på nivå 3 skal definerast.</li> <li>2. EFR kan forstå at ein ønskjer store institutt og institutt som er rimeleg jamstore, men vi ønskjer ikkje at storleik skal vere avgjerande for instituttgrenser. Her vil også EFR peike på kompleksitet ved å ha fleire profesjonsutdanningar i eit institutt. Det gir andre utfordringar enn det å vere samla som ein profesjon i et institutt. Å vere leiar for institutt bør vurderast både med omsyn til kompleksitet så vel som til storleik. Å ha ei viktig stemme utover instituttnivå bør også vurderast ut frå tal på profesjonsutdanningar i instituttet. Det er med andre ord meir enn storleik på instituttet som bør telje.</li> <li>3. Ja</li> <li>4. Ja</li> <li>5. Vi meina at institutt er den normale eininga på nivå 3. Vi ser også nytte av etablering av senter på nivå 3. Det bør diskuterast i kva høve Sentra «er til for» institutta og ikkje vice versa.</li> <li>6. Ja</li> <li>7. EFR sin erfaring med uformelle understrukturar på nivå 4 er ikkje berre eit gode. Fagleg ansvar vert delegert til den med profesjonsutdanning /-kunnskap, men det følgjer ikkje med økonomi og personalansvar. Eit meir eintydig nivå på nivå 4 må diskuterast i den følgjande prosessen.</li> </ol> <p>Ein tydelegare understruktur kan vere eit gode for fag og profesjon, men ein må samtidig vurdere om det bremsar for samhandling på tvers av fag og funksjon.</p>

<p><b>Kap 5</b></p>	<p>Skal ein ha reint rektorat eller skal toppleiinga og ha leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar?                  I høyringsutkastet er det foreslått funksjonsansvar til leiarane på nivå 1 – er desse område gode, har de andre forslag?                  Høyringsutkastet foreslår at det skal vere prodekanar – og skisserer ulikt ansvarsområde for desse (speile prorektor, geografisk/nærregion, støtte for dekan, etter dekanens behov) – kva er mest tenleg?                  Er prinsippa for leiing på nivå 3 tydelege nok for vidare operasjonisering?                  Er dei råd og utval som er omtale i høyringsutkastet tenlege?                  Er det utval eller liknande som manglar?                  HVL har tatt eit val om einskapleg leiing. Slik vi vurderer det så er alt. B (s. 36) den aktuelle modellen. Nivå 1 vil då bestå av rektor og 3 prorektorar og der prorektorane har klart gitte faglege og administrative ansvar. Direktør kjem då først på nivå med dekanane (nivå 2).                  Dersom alt A vert valt, så meina vi at 1 direktør er tilstrekkeleg på nivå 1.</p>
<p>Ansvarleg</p>	<p>Prosjekt Fagleg og administrativ organisering – Delprosjekt Leiing og fagleg organisering</p>
<p>Utsendar</p>	<p>Prosjektsekretariatet</p>

Sak	<b>Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering</b>
Høyringsinstans (svarar)	
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	
<b>Innspel</b> Bruk fleire sider om det trengs	
<b>Kap 2</b>	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov
<b>Kap 3</b>	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov
<b>Kap 4</b>	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov
<b>Kap 5</b>	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov
Andre merknader	Profesjonsutdanningane ved EFR er usynlege i dokumentet «delprosjekt leiing og fagleg organisering». Det er ønskeleg at dei ulike profesjonane tydeleggjerast på nivå 3.

--	--

HØYRINGSINNSPEL